

Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 23/21789

Sakshandsamar: Norunn Stavø

Dato: 16.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/23	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	30.05.2023
082/23	Formannskapet	08.06.2023
075/23	Kommunestyret	12.06.2023
021/23	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	26.05.2023

Framtidig kjøkkenløsning for Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune etablerer kjøkken i ny institusjon for heile kommunen etter tilleggsalternativ 1 i saka.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 26.05.2023:

Handsaming:

BOGL- 021/23 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune etablerer kjøkken i ny institusjon for heile kommunen etter tilleggsalternativ 1 i saka.

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 30.05.2023:

Handsaming:

Alternativt framlegg frå Kinn Venstre v/Hilmar Eliasson, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

1) Det skal greiast ut korleis ein kan etablere eit nytt kjøkken på Kulatoppen omsorgssenter, og kva dette vil koste. Om ein skal gå vekk frå ordninga med eitt sentralkjøkken i kommunen, til å ha eit eige kjøkken også i Vågsøy-delen, så bør ein få vurdert å etablere dette på/ved Kulatoppen omsorgssenter.

Å lokalisere kjøkkenet på/ved institusjonen vil m.a. gjere at ein er mindre sårbar for ev. stenging av Måløybrua ved ekstremvær, som vil kunne bli ei utfordring dersom ein heller skulle lokalisere eit nytt kjøkken på den andre sida av brua enn institusjonen.

Når dette er utgreidd vert saka å handsame på nytt, tidleg hausten 2023. Inntil vidare vert dagens ordning å vidareføre.

2) Bordgleder har lagt fram korleis ein kan etablere eit kjøkken i Florø raskare og rimelegare for

kommunen, ved å etablere seg i eit anna konkret lokale som skissert i brev frå dagleg leiar til HSO den 26. mai 2023. Den løysinga som Bordgleder skisserer er ei løysing som bør arbeidast vidare med og leggst fram for kommunestyret. Ei slik sak vil gjere det mogleg å realisere omsorgstilbodet på sjukehuset raskare. Bordgleder viser vidare til at ei slik etablering ikkje vert påverka av kva løysing ein vel for Måløy, eller om ein skal levere kok/kjøl eller kok/server i Florø, ei heller kva organisasjonsform ein vel for Bordgleder (KF/ikkje KF).

Framlegg frå Ap, foreslått av Ronny Cassells, Kinn Arbeiderparti

Kinn Ap er uroa for framdrifta i saka om institusjon i Florø og vil ha rask løysing for kjøkkenløysing i Florø.

I Måløy ser vi dessverre at Bordgleder ikkje leverer etter dei forventningane vi har til matløysing.

1. HSO ber kommunedirektøren vurdere dagleg leiar ved bordgleder sitt forslag om ny lokalitet i Florø.
2. Kommunedirektøren vurderer kva som må gjerast av tiltak ved kjøkkenet i Måløy dersom det skal gjenopprettast.

Begge alternativa må vere kostnadsrekna og leggst fram for formannskapet den 8.6.

Alternativt framlegg frå Raudt Kinn v/ Marie Kronen Tveranger, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt

1. HSO visar til vedtak i kommunestyret 15.desember 2022. HSO tek til vitande dette vedtaket og ser ingen grunn til å meine noko om andre kjøkkenløysingar for Måløy-regionen enn gjenåpning av kjøkkenet der.
2. For Florødelen av kommunen ,meiner utvalet at den rette løysinga er eit felles kjøkken for denne delen.

Framlegg fra Kinn SV, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

HSOU innstiller på å gå vidare med alternativ 4 (seljemodellen), med matsservering etter kok-server metoden på ukedager og kok-kjøl metoden på helg.

HSOU ønsker å greie ut muligheten for at kjøkkenet i Måløy vert gjenåpna som kok/server kjøkken med drift i ukedager, og kjøkkenet i Florø vert drifta som kombinasjonskjøkken med kok/server produksjon for Florø delen og kok/kjøl produksjon for heile kommunen.

HSOU ber om at saka vert kostnadsberekna og lagt fram med to alternativ. Eit der drifta vert vidareført i regi av Bordgleder, og eit der drifta vert overtatt av kommunen.

HSOU ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i møtet 12/13 juni.

Forslag til framlegg fra Høgre., foreslått av Mats Brunsvik, Kinn Høyre

1. HSO ber KD gå vidare med alternativ 4, der det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. HSO ber KD sjå på alternativ lokalisering av kjøkken i Florø, utanfor ny instutisjon. Dette slik at man sikrer framdrift i arbeidet med ny istutisjon, og sikrer levering av mat i byggeperioden.

Nytt fellesforslag fra H og SV, foreslått av Mats Brunsvik, Kinn Høyre

1. HSO ber KD gå vidare med alternativ 4, der det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. HSO ber KD sjå på alternativ lokalisering av kjøkken i Florø, utanfor ny instutisjon. Dette slik at man sikrer framdrift i arbeidet med ny istutisjon, og sikrer levering av mat i byggeperioden.
3. HSO ønsker å greie ut muligheten for at kjøkkenet i Måløy vert gjenåpna som kok/server kjøkken med drift i ukedager, og kjøkkenet i Florø vert drifta som kombinasjonskjøkken med kok/server produksjon for Florø delen og kok/kjøl produksjon for heile kommunen.
4. HSO ber om at saka vert kostnadsberekna og lagt fram med to alternativ. Eit der drifta vert vidareført i regi av Bordgleder, og eit der drifta vert overtatt av kommunen.
5. HSO ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i møtet 12/13 juni.

Det vart vurdert om ein skulle lukke møte, HSO gjekk samrøystes for å handsame saka opent. Kommunalsjef Norunn Stavø, helse og velferdrådgjevar Jeanette Jensen og kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte.

Gruppemøte.

Følgjande parti trakk sine framlegg til vedtak: AP, SV og H.

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren falt.

Framlegg frå Raudt falt mot 1 røyst (Raudt).

Framlegg frå Venstre falt mot 2 røyster (V og AP)

Punktvis røysting over fellesframlegg frå SV og H:

Punkt 1. 5 røysta for punkt 1, V røysta blankt, Ap røysta mot.

Punkt 2. 5 røysta for punkt 2, V og SP røysta blankt.

Punkt 3. 5 røysta for punkt 3, V røysta blankt og Raudt røysta mot.

Punkt 4. 5 røysta for punkt 4, V røysta blankt og Raudt røysta mot.

Punkt 5. 6 røysta for punkt 5, V røysta blankt.

HSOUV- 027/23 Vedtak:

1. HSO ber KD gå vidare med alternativ 4, der det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. HSO ber KD sjå på alternativ lokalisering av kjøkken i Florø, utanfor ny instutisjon. Dette slik at man sikrer framdrift i arbeidet med ny istutisjon, og sikrer levering av mat i byggeperioden.
3. HSO ønsker å greie ut muligheten for at kjøkkenet i Måløy vert gjenåpna som kok/server kjøkken med drift i ukedager, og kjøkkenet i Florø vert drifta som kombinasjonskjøkken med kok/server produksjon for Florø delen og kok/kjøl produksjon for heile kommunen.
4. HSO ber om at saka vert kostnadsberekna og lagt fram med to alternativ. Eit der drifta vert vidareført i regi av Bordgleder, og eit der drifta vert overtatt av kommunen.
5. HSO ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i møtet 12/13 juni.

Formannskapet 08.06.2023:

Handsaming:

Alternativt framlegg til vedtak (om kjøkken i Måløy), foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Det skal greiast ut korleis ein kan etablere eit nytt kjøkken på Kulatoppen omsorgssenter, og kva dette vil koste. Om ein skal gå vekk frå ordninga med eitt sentralkjøkken i kommunen, til å ha eit eige kjøkken også i Vågsøy-delen, så bør ein få vurdert å etablere dette på/ved Kulatoppen omsorgssenter.

Å lokalisere kjøkkenet på/ved institusjonen vil m.a. gjere at ein er mindre sårbar for ev. stenging av Måløybrua ved ekstremvær, som vil kunne bli ei utfordring dersom ein heller skulle lokalisere eit nytt kjøkken på den andre sida av brua enn på/ved institusjonen.

Når dette er utgreidd vert saka å handsame på nytt, tidleg hausten 2023. Inntil vidare vert dagens ordning å vidareføre.

Alternativt framlegg til vedtak (om lokalisering av kjøkken i Florø), foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Bordgleder har lagt fram korleis ein kan etablere eit kjøkken i Florø raskare og rimelegare for kommunen, ved å etablere seg i eit anna konkret lokale som skissert i brev frå dagleg leiar i Bordgleder til helse-, sosial- og omsorgsutvalet den 26. mai 2023. Dette er seinare utgreidd også av kommunedirektøren, som stør Bordgleder sitt framlegg. Ei slik etablering vil også gjere det mogleg å realisere omsorgstilbodet på sjukehuset raskare. Bordgleder viser vidare til at ei slik etablering ikkje vert påverka av kva løysing ein vel for Måløy, eller om ein skal levere kok/kjøl eller kok/server i Florø. Kinn kommune legg difor til grunn at ein arbeider vidare med ei slik lokalisering som skissert frå Bordgleder KF.

Forslag frå Raudt, Geir Oldeide, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 og då under den såkalla «Selje-modellen» med kok/server i vekedagar og kok/kjøl på laurdag og søndag.
3. Florø skal også legge om til "Selje-modellen".

Revidert forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 i dei gamle lokala og då under den såkalla «Selje-modellen» med kok/server i vekedagar og kok/kjøl på laurdag og søndag.
3. Florø skal også legge om til "Selje-modellen" og plasserast utanfor institusjon.

Røysting:

Innstilling frå HSO falt med 0 røyster.

Framlegg frå Nødseth om kjøkken i Måløy falt med 0 røyster.

Framlegg frå Nødseth om kjøkken i Florø falt med 3 røyster frå AP.

Revidert framlegg frå Raudt punkt 1: vedtatt mot 3 røyster frå AP.

Revidert framlegg frå Raudt punkt 2: vedtatt mot 3 røyster frå AP.

Revidert framlegg frå Raudt punkt 3: vedtatt med 7 røyster frå Raudt, Høgre, FRP og AP. SP røysta i mot.

FORM- 082/23 Vedtak:

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.

2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 i dei gamle lokala og då under den såkalla «Selje-modellen» med kok/server i vekedagar og kok/kjøl på laurdag og søndag.

3. Florø skal også legge om til "Selje-modellen" og plasserast utanfor institusjon.

Kommunestyret 12.06.2023:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 i dei gamle lokala som kok/server 7 dagar i veka.
3. Endeleg kjøkkenløyving for Florøområdet vert utgreidd vidare angående både organisering, produksjonsmetode og plassering.

Nytt forslag til vedtak frå KrF, Venstre, AP, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

1. Det skal vere kjøkken i både Måløy og Florø
2. Kjøkkenet i Måløy skal vere operativt frå 1.1.24
3. I Måløy skal kjøkkenet vere basert på kok/server 5 dagar i veka.
4. I Florø skal kjøkkenet vere basert på kok/kjøl 7 dagar i veka.
5. Løysinga for matsservering i helg i Måløy vert å kome tilbake til når konsekvensar for ulike alternativ er utgreidd.
6. Når ein planlegg nytt kjøkken i Florø skal det utgreiast konsekvens av å gå for kok/server 5 dagar i veka,
6. Administrasjonen søker å finne den mest mogeleg kostnadseffektive måten å transportere maten ut til brukarane.

Revidert forslag frå KrF,Venster, AP, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

1. Det skal vere kjøkken i både Måløy og Florø
2. Kjøkkenet i Måløy skal vere operativt frå 1.2.24
3. I Måløy skal kjøkkenet vere basert på kok/server 5 dagar i veka.
4. I Florø skal kjøkkenet vere basert på kok/kjøl 7 dagar i veka.
5. Løysinga for matsservering i helg i Måløy vert å kome tilbake til når konsekvensar for ulike alternativ er utgreidd.
6. Når ein planlegg nytt kjøkken i Florø skal det utgreiast konsekvens av å gå for kok/server 5 dagar i veka,
7. Administrasjonen søker å finne den mest mogeleg kostnadseffektive måten å transportere maten ut til brukarane.

Fellesframlegg frå SV, Raudt, SP, FrP, De uavhengige, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.2.24 i dei gamle lokala som kok/server 7 dagar i veka.
3. I Florø skal det leggast om til kok/server 7 dagar i veka, med moglegheit til kok/kjøl ved behov.

Røysting:

Revidert fellesframlegg frå KRF, Venstre og AP falt med 16 røyster (9 AP, 4 V, 1 KRF, 2 MDG).

Fellesframlegg frå SV, Raudt, SP, FrP og uavhengige vedtatt med 22 røyster (4 R, 3 SV, 6 H, 2 FRP, 3 SP og 4 uavhengige v/ Egeberg, Hopland, Aare og Solheim).

KOST- 075/23 Vedtak:

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.2.24 i dei gamle lokala som kok/server 7 dagar i veka.
3. I Florø skal det leggest om til kok/server 7 dagar i veka, med moglegheit til kok/kjøl ved behov.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i samband med økonomiplan/handlingsplan 2023 – 2026 følgjande:

Verbalvedtak 17.

Kjøkken i Måløy

Kommunedirektøren skal legge fram ei sak om korleis kjøkkenet i Måløy kan gjenopprettas. Saka skal politisk handsamast i kommunestyret innan 01.03.2023.

Det var lagt fram orienteringssak om opning av kjøkken i Måløy til formannskapet 08.03.2023, dette med bakgrunn i arbeidet med heilskapleg gjennomgang av kjøkkenløyising for Kinn kommune.

Vidare vedtok styret i Bordgleder 12.01.2023 følgande, og var handsama i formannskapet 02.02.2023 som mandat for utgreiing :

Styremøte i KF Bordgleder. 003/23

Dagleg leiar sin rapport, status for omstillingsarbeid i Bordgleder KF etter bortfall av kontrakt frå Fjord1 Dagleg leiar orienterte om status for drifta og Bordgleder sin situasjon. Styret drøfta saka. Styret ser det som viktig at det blir gjort utgreiingar som er objektive og grundige, for å synleggjere utfordringar og moglegheiter. Det er semje mellom dagleg leiar/styret i Bordgleder å greie ut følgjande alternativ, som alle skal ha i seg ei vurdering også av framtidige krav til mattryggleik, arbeidsmiljø, rekruttering og framtidsbilde (fleire og mindre homogen kundegruppe av eldre) mv.

- A. Bordgleder KF held fram som i dag, og søker eksterne kundar i same omfang som til no.
- B. Som A, men minus Måløy.
- C. Som B, men minus eksterne
- D. At kommunen ikkje har eit eige sentralkjøkken i Florø, men at det skal vere eigne kjøkken på avdelingane i den nye omsorgsinstitusjonen i Florø. Måløy vert drive som før Kinn. Tenester til heimebuande i Florø må kjøpast av eksternt selskap.
- E. Interkommunalt samarbeid enten i form av at andre kommunar kjøper tenester av Bordgleder, eller at ein ser på felles eigarskap i AS/IKS eller tilsvarande.

Arbeidsmetodikk:

Aktuelle problemstillingar bør bli løyst i eit samarbeid mellom KF Bordgleder og administrasjonen, før det går til kommunestyret for endeleg avgjerd.”

Saksopplysningar:

Rapporten har sett på ulike alternativ for korleis mat skal produserast for bebuarar på institusjon og heimebuande i Florø og Måløy.

I rapporten er det vurdert to ulike produksjonsmetodar:

- Kok/kjøøl som er metoden KF Bordgleder no nyttar. Dette er den vanlegaste metoden som vert brukt av storkjøkken/sentralkjøkken som produserer mat til fleire institusjonar og heimebuande.
- Ved kok-server metoden vert maten produsert på eige storkjøkken eller institusjonskjøkken, og servert nylaga til bebuarane på institusjonen og til heimebuande.

Dei økonomiske berekningane av kostpris for dei ulike alternativa er utført i samarbeid med Deloitte, på bakgrunn av investeringar, avskrivning og modellering. Ein har tatt høgde for råvarekostnadane, driftsutgifter, lønnsutgifter til produksjon og transport av maten, samt investerings- og kapitalkostnader til tyngre utstyr til eit eventuelt nytt institusjonskjøkken i Florø, og ved gjenopning av kjøkken i Måløy.

Ved vurdering av kjøkken med matproduksjon ved kvart av dei 10 avdelingskjøkkene på ny institusjon i Florø er ikkje investeringskostnader til inventar og produksjonsutstyr tatt med.

Rapporten beskriv kostnadane med dei ulike løysingane som styret i KF Bordgleder skisserte i sak 003/23. **I tillegg er kostnader med 4 alternative løysingar vurdert.**

Ein har ikkje tatt med mottak og handtering av mat på institusjonane, dette er arbeidsoppgåver som er inkludert i den daglege drifta.

Ein har ikkje vurdert midlertidig løysning for matproduksjon under bygging av ny institusjon i Florø.

Vurderingar:

Under er dei ulike løysingane gradert i forhold til dagens kostnad på 120,- pr kuvert:

1. Den klart billigaste løysinga er kjøp av mat til heile kommunen frå eksterne leverandørar, som vil kunne gje ei **innsparing** (i forhold til dagens kostnad) på **2 856 125,-** (tilleggsalternativ 2).

Vurdering: Det er både fordeler og ulemper med dette. Vi treng då ingen mellombels løysing i perioden med bygging av ny institusjon. Det er også den klart billigaste løysinga som vil gje ei høg innsparing. Ulempene er manglande skatteinntekter og lærlingplassar lokalt, samt tap av lokal kompetanse og fagmiljø. Ei slik løysing er heller ikkje gått gjennom med tanke på logistikk, interne driftsrutinar, administrasjon. Med ein nærmare gjennomgang trur kommunedirektøren dette vil redusere innsparing ein del.

2. Det nest billigaste er kok/kjøøl for heile kommunen på ny institusjon i Florø. Dette alternativet vil gje ein meirkostnad på **571 225,-** (tilleggsalternativ 1).

Vurdering: Dette alternativet er lik dagens løysing utan KF. Det vil imidlertid krevje ei midlertidig løysing under byggeperioden.

3. Det tredje billigaste er ei vidareføring av dagens ordning der ein tek omsyn til investeringskostnader til nytt lokale i ny institusjon i Florø. Det gjev ein auke i kuvertpris på kr.8,-, frå 120,- til 128,-. Dette vil vere ein auke i kostnader i forhold til dagens kuvertpris på **913 960,-** (Alternativ A).

Vurdering: her er det tatt med at KF Bordgleder skal ha lokalar i ny institusjon. Investeringskostnader til utstyr og areal er derfor tatt med og gir ein kostnadsauke.

4. Det fjerde billigaste alternativet er produksjon av mat. kok/server-kok/kjøøl (5-2) i både Florø og Måløy,- (Selje modell).Om ein vel dette alternativet vil det gje ein auke i kostnadane på **1 942 165,-** (tilleggsalternativ 4).

Vurdering: Med dette alternativet vil bebuarane få servert nylaga middag, som på Seljetun, 5 dagar i veka. Dersom ein vel å ha to produksjonskjøkken i Kinn vil denne løysinga vere den beste. Det vil då vere enklare å rekruttere kokker sidan ein ikkje må arbeide helg. Dette er noko mange

kokker ynskjer. Då vert maten for helg laga klar etter kok/kjøl metoden (sjå rapport Seljetunet).

5. Alternativet med kok/server 7 dagar i veka vil gje ei kostnadsauke på **2 170 655,-** (tilleggsalternativ 3).

Vurdering: Her får ein nylaga middag kvar dag. Men det vil vere krevjande å klare å rekruttere kokker og vikarar, sidan en då må arbeide turnus og helgar.

6. Dette alternativet vil gje ein kostnadsauke på **2 970 370,-** (alternativ B) (med eksterne kundar)

Vurdering: Dette tilsvara den løysinga ein hadde før kjøkkenet i Måløy vart nedlagt.

7. Dette alternativet vil gje ein kostnadsauke på **3 884 330,-** (alternativ C) (utan eksterne)

Vurdering: Dette er same alternativ som over, men utan levering til eksterne.

8. Dette alternativet vil gje ein kostnadsauke på **18 164 955,-** (alternativ D).

Vurdering: med dette alternativet er det ikkje tatt med kostnader til investering i utstyr til 10 produksjonskjøkken på avdelingane. Dette alternativet vil fordre ei sterk oppbemanning og tilsetning av mange kokker. Det vil vere ein lite kostnadseffektiv metode å produsere mat på. I tillegg må ein ha eit produksjonskjøkken i Florø som produserer mat til Florø omsorgssenter, Markegt.55, Eikefjord og heimebuande med vedtak om matombringning.

Eigne kjøkken på kvar avdeling på ny institusjon, samt oppretting av kjøkkenet i Måløy vil føre til ein auka kostnad på **18 164 955,-** utan at investeringskostnader til produksjonsutstyr til avdelingane er tatt med. Administrasjonen synes dette er vanskeleg å gjennomføre.

Administrasjonen ser at det er mange argument for å velje alternativ 4 (Selje modellen). Innan omsorgstenesta verkar det som om så dette også alternativet som blir vurdert som fagleg tilfredsstillande. Den vil ivareta ønsket om servering av nylaga mat på alle avdelingane på ny institusjon i Florø. Eit produksjonskjøkken på den nye institusjonen i Florø vil også kunne levere nylaga middag til Florø omsorgssenter, Markegt.55, Eikefjord og til heimebuande med vedtak.

Kjøkkenet i Måløy vil kunne levere nylaga middag til Kulatoppen og heimebuande. Alternativet inneber at det er lite formålstenleg med kommunalt føretak for å ivareta styring og leiding av å lage mat til eldre. Ansvar for dette må liggja i omsorgstenesta.

Likevel illustrer alternative og rapporten som er utarbeidd at matproduksjon kan ivaretakast på ein forsvarleg måte med eit sentralkjøkken integrert på ny institusjon på sjukehusomta vil. Dette gjev også den meste kostnadseffektive drifta. Leiding og styring av kjøkkenteneste bør være ein del av omsorgstenesta. Heller ikkje for denne modellen er det naudsynt med KF som styringsmodell.

Kommunedirektøren understrekar at med den økonomiske stoda Kinn kommune har bør ein velje ei gode nok løysingar, med lågast kostnad. (tilleggsalternativ 1). Kommunedirektøren ser at modellen inneber at ein må gå gjennom logistikken kring matproduksjon, oppbevaring og servering.

Dersom kommunestyret skulle komme til eit anna resultat, er det etter kommunedirektøren, alternativ 4 som står fram som neste best. Dette vil krevje auka kostnader som må innarbeidast i økonomiplan.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom kommunestyret går for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vil det ikkje føre til auka kostnader.

Under kostnaden pr. kuvert med dei ulike løysingane som er vurdert:

Alt.A: **kuvertpris 128,-** (Som i dag, KF Bordgleder kok/kjøøl heile kommunen)

Alt.B: **kuvertpris 146,-** (KF Bordgleder kok/kjøøl til Florø- oppretting av kjøkken kok/server i Måløy)

Alt.C: **kuvertpris 154,-** (KF Bordgleder kok/kjøøl til Florø utan eksterne- oppretting av kjøkken kok/server i Måløy)

Alt.D: **kuvertpris 279,-** (eigne kjøkken på kvar av dei 10 institusjonane på ny inst. i Florø- oppretting av kjøkken kok/server i Måløy)


Tilleggsalternativ 1: **kuvertpris 125,-** (kok/kjøøl for heile kommunen på ny inst. i Florø)

Tilleggsalternativ 2: **kuvertpris 95,-** (kjøpe mat eksternt kok/kjøøl heile Kinn).

Tilleggsalternativ 3: **kuvertpris 139,-** (produksjon av mat kok/server både Florø og Måløy, 7 dagar i veka)

Tilleggsalternativ 4: **kuvertpris 137,-** (produksjon av mat kok/server-kok/kjøøl både Florø og Måløy,- Selje modell).

Grafisk framstilling av sjølvkost pr. kuvert:



Dei ulike alternativa vil gje følgande totalkostnad:



- **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**
Prosjektrapport – Mai 2023. vurdering av framtidige kjøkkenløsning for Kinn kommune.
- Produksjonskjøkkenet Seljetun.

Vedlegg i saken:

Prosjektrapport - Vurdering kjøkkenløsning Kinn- gjeldande versjon

Produksjonskjøkkenet Seljetun

Framtidig kjøkkenløsning for Kinn kommune – Utgreiing av vedtak frå HSO 30.05.2023

Notat etter befaring på sted - frå Bordgleder

Brev til HSO 26. mai 2023 - frå Bordgleder

Beregning investeringskostnad - frå Bordgleder

Skisse til Hso - frå Bordgleder (L)(596790)

Kjøkken - differansekostnader